

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3.søndag i påsketida – 5.mai 2019

Preiketekst: Mark 6,30-44

Lesetekst I: Salme 23,1-6 / Apgj 5,27-42

Lesetekst II: 1 Pet 5,1-4

Omsorgsfull gjetar

Om dagen

Tekstene i alle tekstrekkene for denne søndagen har gjetarmotivet felles. Jesus stig fram i påsketida som gjetaren som vernar om og bergar livet til sauene i flokken. Koplinga mellom Jesus som gjetar og påsketida si oppstodetru kan førast så langt tilbake som til katakombane i oldkyrkja, gravkammera for jødar og kristne som ville unngå at kroppane som skulle stå opp, blei kremert. Her er Jesus som gjetaren eit kjært og mykje brukt bildemotiv. Det peikar på han som vernar oss, «om eg så går i dødsskuggens dal», som teksta frå GT så fint seier det.

Om preiketeksta

Så langt eg kan finne, er dette einaste gongen i tekstrekkene at Jesu brødunder er tekst for preika, og då har eg sjekka både 4- og 5000-undera. Det er litt underleg med tanke på kor sentrale desse forteljingane er. Retninga for alle tekstane denne søndagen peikar heller ikkje primært på brødunderet, men på Jesus som gjetaren. Forteljinga om mettinga av dei 5000 er den einaste underforteljinga som fins i alle dei fire evangelia. Markus og Johannes på kvar sin måte skriv lengre enn Matteus og Lukas. Det er i denne større lengda vi finn til Markus sitt særpreg, med ei sterk vektlegging av folkets nød og gjetarens omsorg.

Debriefing

Teksta startar med å nemna «apostlane». Dette er faktisk einaste gongen Markus brukar dette ordet (i 3, 14 er det eit seinare tillegg), og vi forstår at det handlar om dei tolv. «Apostel» betyr ein utsending og svarar til det hebraiske «shaliach», ein person med alle fullmakter til å tale og handle på vegner av han eller dei som sendte han. Forteljinga startar med å knyte tilbake til utsendinga av dei tolv tidlegare i kapitlet. Det er tid for debriefing, som vi gjerne kallar det når studentar kjem frå utanlandsopphald eller misjonærar returnerer heim. Det er her vi møter gjetarmotivet først. Han som sendte dei, vil dra omsorg for dei og gi dei høve til kvile og bøn. Det varer rett nok ikkje for lenge, men Jesu motiv kjem klart nok fram.

Tida med debriefing blir avløyst av omsorga for folkemengda. Når teksta seier at han «fekk inderleg medkjensle med dei», er det eit gresk uttrykk som i evangelia berre blir brukt om guddommeleg kjærleik og miskunn. Årsaka til denne djupe kjensla hos Jesus var det han såg, at dei var forkomne, «som sauer utan gjetar». Det er eit sitat frå 4 Mos 27, 17, då Josva (same hebraiske namn som Jesus /Jeshua) blei innsett til å ta over etter Moses. Når vi les teksta vidare, og den handlar i sin heilskap om at han gav dei mat til kroppen, må dette vere med oss som bakgrunn. Her handlar han som ser all type nød og derfor aldri gir opp å kome oss i møte.

Gjetarar i GT

Gjetarmotivet i NT er henta frå ein rik jødisk kontekst. Abraham, jødane sin stamfar, var sauebonde og gjetar. Moses, lova sin store profet, gjette svigerfars får og seinare Israels folk i ørkenen. David, idealkongen, blei kalla inn frå gjetarmarka til det store oppdraget sitt, og han gav oss den salmen som er blitt best kjent og mest bruk, Salme 23, «Herren er gjetaren min». Leiarane var kalla til å vere gjetarar i folket, men sidan dei svikta, erklærer Esekiel 34 at Gud sjølv skal vise seg som folkets sanne gjetar.

Den nye gjetaren

Det er på denne bakgrunnen vi må forstå Jesu sjølvpresentasjon som «den gode gjetaren», slik Joh 10 vakkert fortel oss. Han set livet til for sauene. Han er gjetar for flokken av jødar som trur på han, men han har også andre flokkar, heidningane som kjem til tru, og desse flokkane skal bli ein flokk. Sjølve underforteljinga har fleire og klare linjer tilbake til GT. Alle jødar var fortrulege med korleis gjetaren deira under vandringa frå Egypt, Moses, sørga for brødet frå himmelen, manna, til dei. Du er vel ikkje større enn han?, spør jødane retorisk i Joh 6. Både Elia og Elisja er knytt til underfulle hendingar hos ei enke i Sarepta, og Elisja settar jamvel nokre hundre menn med mat til nokre titals menneske i 2 Kong 4.

Når Jesus derfor handla som han gjorde denne dagen i Galilea, etter at han hadde undervist dei i nokre timar om Guds rike, må vi rekne med at det var nokre som var i stand til å trekke linjer. Her stig ein fram som ikkje berre overgår Moses og profetane, men som ved dette peikar langt vidare og jamvel oppfyller Salme 23 og Esekiel 34. Då Jesus sjølv tematiserte dette etter underet, slik Joh 6 fortel det, starta problema. Dei innsåg at han hadde sett seg på Guds plass.

Underet er reelt nok. Vi treng ikkje dra det i tvil. 5000 menn blir mette. Matteus legg til at der var vore nokre kvinner og born også. Rikeleg mat til overs. Vi blir fortalt eit reelt under som går utover den søte tanken om at den vesle guten med matpakken fekk resten av folket til å finne fram maten sin og dele med andre.

Heilskapeleg omsorg

Er det samtidig nokre lag av symbolikk i forteljinga? Er dette det nye gudsfolket som får himmelsk mat på ein aud stad, jf. Moses? Eg ville ikkje overbelaste den linja. Dei fleste som var samla, skulle like etter dra seg unna han. Skal vi dra linjene fram til nattverdens måltid? Det er mulig, men på ein varsam måte. Takkebøna, som han også bad under det siste måltidet, er her ei standard jødisk bøn til Gud om velsigning over maten. Det er heller ikkje brød og vin han deler ut, men brød og fisk. Kanskje er ikkje handlinga sin symbolikk derfor det viktigaste, men den gode gjetaren sin omsorg for oss i alle livsforhold. Han som gir folket sitt ord, evangeliet, gir oss også all omsorg og «mat i rette tid» (Salme 145). Og han som gir oss denne heilskapelege omsorga, er også den som gir sjølv livet sitt for oss.

Om preika

Det meste skal vere sagt over, men predikanten skal, i tillegg til å legge ut og forklare sjølv gudsordet, også føre det inn til hjarte og sinn. Eg trur eg ville ha lagt vekt på det gjennomgåande gjetarmotivet, og så bruke både Jesu forkynning (v. 34) og brødunderet (v. 35ff) for å male bildet av den sanne, guddommelege gjetaren for forsamlinga.

Leseteksta frå Salme 23 gir høve til å adressere ulike menneskelege livssituasjonar, frå lys til mørke, frå død til liv, frå fellesskap til konflikt. Ein treng ikkje hente desse motiva opp frå Salme 23 men rett og slett frå livet sjølv. Unngå berre den for blaute gjetaren. Gjetarmotivet i Bibelen er ikkje sentimentalt, men handlar om å sørge for drikke og føde, kvile og vern. For gjetaren inneber det hardt arbeid og i nokon grad strid.

Om nokon vil bruke leseteksta frå 1 Pet 5 som inngang, gir den høve til å adressere den pastorale tenesta i forsamlinga, men eg tenker at det sporet lett blir litt smalt og er meir eigna for ein undervisningstime utanom den gudstenestlege samlinga. Eg vil likevel meine at det kan vere bra

om vi får fram kor sentralt undervisande forkynning er når det skal utøvast pastoralt leiarskap. Det stod sentralt hos Jesus. Då bør vi også legge vekt på det.

Rolf Kjøde

Leiar for eigarkontakt, NLA Høgskolen

Rolf.Kjode@NLA.no